

Tre preiker for ungdom

Analyse basert på innspel frå Ungdommens Kirkemøte



HANS AUSTNABERG, PROFESSOR I PRAKTISK TEOLOGI, MISJONSHØGSKOLEN

hans.austnaberg@mhs.no

Innleiing

Ungdommens kirkemøte (UKM) 2012 hadde ei eiga sak om temaet: "Preken og forkynnelse" (sak 08/12),¹ og ungdommane understreka at forkynninga er viktig for at kyrkja skal stå fram som livsnær og relevant for aldersgruppa 18–30 år.² Eg ønskjer i denne artikkelen å la innspel frå UKM 08/12 bli brukte som kriterier til å evaluera tre preiker for ungdom.

I samband med boka *Grensesprenge: om forkynnelse for ungdom 15–18 år* (Austnaberg og Mæland 2009) gjennomførte eg ei mindre empirisk undersøking (Austnaberg 2009), og då gjorde eg opptak av – og transkriberte – tre preiker. Det er desse preikene som representerer empirien i artikkelen. Tre ungdomsprestar i tre forskjellige kyrkjelydar i Stavanger bispedømme blei i samband med prosjektet utfordra til å invitara meg på ei samling der preika hadde eit utover-preg, det å utvida grensene, misjon. Preikene er altså éin måte dei tenkjer at dette kan gjerast på, og må lesast på denne bakgrunnen. Éi preike er sjølvstøtt alt for lite til å evaluera ungdomsprestane si forkynnning.³ Målsetjinga er heller ikkje korkje å gi eit tverrsnitt av forkynnning for ungdom eller av desse ungdomsprestane si forkynnning, men heller ein smakebit på korleis forkynnning for ungdom kan

gå føre seg, som blir ein stikkprøve på ein omfattande og pågåande preikepraksis.

Analysekriterier frå UKM-saka

UKM-innspela er systematisert i fire underpunkt. Det første punktet, *arbeidsmetode*, er ei utfordring til samarbeid med ungdom i førebuing og evaluering av forkynnning og å lytta seg inn på kva som er ungdommar sin åndelege lengt. Dette er gode råd, men dei kan ikkje fungera som kriterier. Det kan derimot det som går på *tematikk og innhald*, presenterast som viktige trekk ved ei god preike: klåre og uttalte poeng, utfordring og ærlige svar, aktualisering til dagleglivet og deling av egne erfaringar. Viktige innspel til *formidlingsform* er korleis preika tek til, variasjon, visualisering, humor og kyrkje-rommet som ressurs. Den siste gruppa av innspel er omtala som tips til *formidlararen*: bruk av enkelt språk, å gi innsikt i nye ting og visa at ein trur på det ein forkynner.⁴

Etter ein empiridel der eg presenterer utdrag frå dei tre preikene i samanheng, går eg over til drøfting av preikene ut frå kriteria i UKM-saka. Eg strukturerer dette etter hovudgruppene tematikk og innhald, formidlingsform og formidlararen. Under oppsummerande refleksjonar vil eg kort drøfta kor tenlege kriteria har vore i

praksis, samstundes som eg kritisk etterlyser kriterier som gir hjelp til å evaluera det teologiske innhaldet i preikene. Undervegs trekkjer eg inn relevant homiletisk litteratur.

Del 1: Empiri – tre ungdomspreiker

Innanfor ramma av artikkelen er det ikkje plass til å gjengi preikene i fulltekst. Dermed er eg nøydd til å parafrasera dei, noko som legg vekt på kva element preika er bygd opp av, og i liten grad fangar opp *måten* ting blei sagt på. Eg presenterer alle preikene på nynorsk. Seinare i artikkelen vil eg sitera utdrag frå preikene. Alder på tilhøyrarane var 14–20 år, med ein gjennomsnittsalder på ca. 16. Mange av desse kan ein rekna med er aktive deltakarar i kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid, men òg ungdommar med eit mindre bevisst forhold til kristen tru var til stades.⁵ To av predikantane var ca. 30 år, den tredje ca. 40 (preike 3), ei kvinne og to menn. Eg startar kvar gjennomgang med å gi ei kort skildring av konteksten preika gjekk føre seg i.

Preike 1 med tema "Disipler er nysgjerrige"

Preika var ein del av ei kveldsgudsteneste, med song, syndevedkjenning, preike, opning for spørsmål og velsigning. Resten av kvelden var det leikar/aktivitetar og mat. Dette var ei open ungdomssamling i kyrkjelyden, og vel 20 jenter samla seg fremst i kyrkjerommet.⁶ Alterlysa var tende; lyset var dempa, og ungdomspresten brukte eit lite bord til projektor, pianospeling medan ungdommane kom inn. Preika varte i 7 minutt.

Preika starta med eit bilete av ein ekstrem bodybuildar på skjermen før presten gjekk over til å fundera over nysgjerrigheit og om det er negativt eller positivt. Ho syntest sjølv det ikkje alltid var lett å møta andre med ei god nysgjerrigheit, slik Jesus gjorde då han møtte Sakkeus i bibelhistoria. Ho funderte vidare på kvifor me skal visa kvarandre ei god nysgjerrigheit, og sa at Jesus har skapt oss slik for at me skal gi vidare noko me sjølve har fått, slik som omsorgsevna vår. Det er på denne måten Jesus har sendt oss ut i verda, sa ho, og ho lurte på om nokon av ungdommane hadde tenkt å bli misjonær. Ho fortalde at ho sjølv som 15-åring syntest misjonærar var merkelege, men at det nå var ganske

annleis å vera misjonær. Ho trudde at alle ungdommane hadde eit misjonskall og konkretiserte dette med å vera ærleg interessert i andre menneske eller å gå på besøk til bestemor og bestefar, og at *det* var ein måte å vera sendt av Jesus på. Sjølv syntest ho det var ufatteleg at Gud hadde sendt henne til denne kyrkjelyden, og hennar ønskje for ungdommane var at dei skulle ta tid til å vera stille og spørja Gud kva dei skulle gjera med livet sitt. Ei kort bøn avslutta preika.

Preike 2 med tema "Å følge Jesus ved å gi han vidare til andre"

Preika var ein del av eit ungdomsmøte, med dramatisering av temaet, bøn, musikkvideo frå YouTube, lovsong, preike, moglegheit for forbøn og meir lovsong. Resten av kvelden var det opning for å samtala med ein leiar eller å vera i kaféen. Dette var ei open ungdomssamling i ungdomsrommet i kyrkjelyden og ca. 35 ungdommar var samla. Lyset var dempa og det var mange levande lys. Preika varte i ca. 25 minutt.

Presten opna talen med å snakka litt om dei forskjellige sinnsstemningane ungdommane kanskje hadde då dei kom til samlinga, og bad ei takkebøn fordi Jesus tar imot oss slik vi er. Så spurte han om ungdommane i det siste hadde vore med på å føra nokon nærare Jesus. Sjølv syntest han det spørsmålet var ubehageleg, men likevel viktig fordi det handlar om kjernen i trua vår: At Jesus har sendt oss for å fortelja resten av verda at Gud sende Jesus som døydde ufortent for oss, slik at me kan få vera Guds barn. Å gløyma dette er å bomma på det viktigaste, hevda han.

Han sa han rekna med at mange av ungdommane hadde dårleg samvit for dette med evangelisering, slik han sjølv hadde, og fortalde om ein ven som stadig kom opp i situasjonar der han fekk dela trua si med andre. Sjølv hadde han vore både imponert og litt misunneleg, men venen hadde ingen triks. Presten hadde lurt på korleis det kunne henga saman, og han ønskte å visa ein måte å gjera dette på, som ikkje skulle bli stress.

To bibelavsnitt blei trekte fram. Efesarbrevet 2 om at me er skapte til gode gjerningar som ligg ferdige for oss, og Lukas 10 der Jesus seier at

disiplane skal bli verande der folk tar imot dei. Presten var sjølv blitt oppmuntra av biletet om å bruka tid med dei som tar imot oss, og han spurde ungdommane kven som hadde lyst å vera saman med dei, på skolen og i fritida. Å fokusera på kven Jesus sende til han, og ikkje om *han fekk til* å dela Jesus med andre, hadde vore til stor hjelp for presten. Han sa vidare at det ofte var slik at menneske berre dukka opp, og at me då kunne velja om me ville sjå dei eller ikkje. Som konkrete døme nemnde han hjelp til naboen eller å snakka med den som gjerne ville prata på bussen. For eigen del hadde presten opplevd at det å tenkja annleis om dette hadde ført til mindre stress, og samstundes hadde han fått dela trua med mange fleire enn tidlegare, men føresetnaden var at han hadde rydda plass i livet sitt til å bruka tid på menneska Gud sende til han.

Presten avslutta preika med to utfordringar til ungdommane: 1) å spørja Gud kven han sender meg til i dag, og 2) å tenkja etter om eg har plass i livet mitt til dei Gud sender til meg. Han oppsummerte med å seia at å fylgja Jesus handlar utruleg mykje om å dela han med andre, før han bad ei kort bøn.

Preike 3 med tema "Gud vil at du skal velge"

Preika var ein del av ei kveldsgudsteneste i ein idrettshall, med ein stor trekross, lesepult, eit bord der det stod eit fat med vatn til bønepapp, døypefont med vatn i til teikning av krossmerke i panna, eit bord med lappar og pennar til å skriva bøneme og ein stor lysglobe. Gudstenesta bestod av nådehelsing, song, preike, bønemandring til stasjonane, syndevedkjenningsong, tilgjevingssong, bøn og velsigning. Resten av kvelden var hallen open. Dette var ei open ungdomssamling i kyrkjelyden og ein del av konfirmasjonstida. Ca. 25 personar var til stades, og mange av desse var konfirmantar. Det var musikk frå store høgtalarar då ungdommane kom inn, og musikk under bønemandringa. Preika varte i ca. 15 minutt.

Presten starta med temasetninga "Gud vil at du skal velja", ei setning som blei gjentatt i identisk form gjennom preika. Han heldt fram med døme på val fleire av ungdommane hadde tatt sjølv om dei var for unge til dette: sex, alkohol,

bilkøyring, og oppmoda dei til å gjera rette val. Han gav døme på lette val, som å gå på skulen, og val der ein ikkje ser konsekvensane på førehand, til dømes bilete av seg sjølve på internett. Abraham som ofra sonen sin, blei trekt fram frå Bibelen som eit vanskeleg val, men Abraham valde å gjera det Gud bad han om, og sonen blei spart. Presten understreka at me er nøydde til å velja, for til og med ved ikkje å velja har ein alt gjort eit val. Han sa vidare at ungdommane tenkjer at dei ikkje har bruk for Jesus, men Gud blir ikkje borte av den grunn. Det er som med sola. Den som vel Jesus kan risikera å få det svært bra, sa han; trass i vanskelege ytre omstende har ein håp og tryggleik.

Presten gav så tre døme på menneske som gjorde narr av Gud: Han som bygde Titanic, sa at ikkje eingong Gud kunne senka båten.⁷ Marilyn Monroe sa til predikanten Billy Graham at ho ikkje trong hans Gud, og ei veke seinare døydde ho av ein overdose. Det tredje dømet var ungdommar i Brasil som køyrde bil påverka av alkohol, der ei mor var redd for dottera og sa at Gud måtte vera med dei. Dottera svara at han då måtte sitja i bagasjerommet fordi det var fullt inni bilen. Dei kolliderte og alle blei drepne, men politiet kunne ikkje forstå kva som hadde hendt fordi bagasjerommet var like heilt. Utan meir forklaring gjekk presten vidare og sa at Jesus ønska at ungdommane skulle velja å bli kjende med han som døydde for dei og elska dei. Bibelen lærer at livet har to utgangar, å leva saman med Jesus eller fortaping, og den som vel Jesus blir ny, sa han, og viste til 2. Korintarbr. Til slutt gjentok han at denne kvelden var like god som annan til å ta eit val; han viste til bønestasjonane som var gjort i stand, og at det går an å ta eit val inni seg, som ingen ser.

Del 2: Drøfting

Dei tre preikene er forskjellige i lengd, opplegg, innhald og framføringsmåte, noko som viser korleis forkynnaren sin individualitet og personlege dømmekraft kjem til syne i forkynninga. Dette kan gi forkynnalarar frimod til å bevara eigenart og vera forskjellige, samstundes som ein må vera open for endring når det er nødvendig. Eit viktig spørsmål i UKM-saka er i kor stor grad forkynninga bidrar til at kyrkja blir

opplevd livsnær og relevant for tilhøyrarane.⁸ Ut frå mi empiriske undersøking har eg ikkje materiale til å svara på korleis tilhøyrarane oppfattar preikene, men må basera drøftinga på ein analyse av sjølve preikene.

Tematikk og innhald

UKM-ungdommane avgrensar seg frå å laga ei liste over relevante og livsnære tema til forkynninga fordi dei unge har ulike behov og ulik teologisk ståstad. Heller fokuserer dei på viktige trekk ved ei god preike, noko som må tolkast som vesentlege trekk, uavhengig av kva preika handlar om.

Klare og uttalte poeng

Alle tre preikene har eit klart og uttalt hovudtema, og alle prestane maktar å fylgja dette temaet frå start til slutt. Hovudtemaet blir utfalda ut frå deira logikk, og ingen av dei har punktvis oppsett av undertema. Særleg preike 2 og 3 nyttar i stor grad gjentakning som verkemiddel, preike 2 gjentakning av innhaldet på forskjellige måtar, preike 3 gjentakning av setninga "Gud vil du skal velge". Den hyppige gjentakninga av same setninga i preike 3 gir eit noko masete inntrykk, men det er ingen tvil om at forkynnaren får "banka inn" setninga. Innhaldet i setninga kan likevel skapa ein viss usikkerheit på kva han eigentleg vil seia. Er det berre det å *gjera eit val* Gud ønskjer, eller brukar predikanten denne setninga for å få fram at dei må velja *nå*, denne kvelden? Først i siste delen av preika får denne spenninga si løysing: "Gud vil at du skal velge å gjøere som han ønsker. Det vil si: bli kjent med Guds vilje, hva han har gjort for deg. Gud vil ta du skal velge å bli et av hans barn, [...]."

Gjentakinga i preike 2 gir meir ei kjensle av at eit poeng får setja seg før forkynnaren går over til neste. Eit kort avsnitt frå preike 2 kan òg tena som døme på eit *klart* poeng: "Med andre ord, Jesus sier: Hvis de dere møter tar imot dere, så bli der. Viss ikke, er det greit. Dere kan gå videre til neste sted, hus, by." Gjentakinga skjer "med andre ord", på ein annan måte enn slik det først var sagt, noko som klargjer poenget. Nå må det leggjast til at preike 2 er den lengste av alle, slik at presten hadde større rammer for å formidla

eit innhald på fleire forskjellige måtar.

Eit hovudmål med klare og uttalte poeng må vera at det skal vera lett å få med seg det predikanten ønskjer å formidla. Preika må ikkje vera lik ein ulldott etter at katten har leika med han (Day 2004, s 88). Ein måte å skapa struktur på er gjennom klare poeng, men desse må ikkje vera så korte at dei ikkje får gjera sin verknad.⁹ Homiletikaren Thomas G. Long t.d. snakkar om at preika bør ha eit avgrensa tal komponentar eller steg ("steps"), og at det er avgjerande, på bakgrunn av forkynnaren si vurdering av tilhøyrarane, å finna kva som er den beste rekkefølge på desse (Long 2005, s 138–140).

Gi utfordringar

Det er inga tvil om at alle tre preikene legg opp til å utfordra ungdommane. Preike 1 gjer det ofte i indirekte spørsmålsform, gjerne ispedd litt undring ("kanskje"): "Hvorfor i alle dager skal vi være så innmari nysgjerrige på hverandre?" "Kanskje det er noen her som har tenkt å bli misjonærer?" Utfordringa kan òg bli uttrykt som eit ønske, der forkynnaren på ein måte tar ungdommane sitt perspektiv og talar i "eg"-form:

Jeg håper at dere av og til tar dere tid til å være litt stille, at dere kanskje ber en liten bønn til Jesus om – hjelp meg litt på veien, Jesus! Jeg lurer så fælt på hva jeg skal bli, hva jeg skal gjøre med livet mitt.

Preike 2 brukar òg spørsmålsform for å utfordra, men har ganske direkte spørsmål: "Har du i den siste tida vært med på å føre noen nærmere Jesus?" "Tenk over det: hvem er det på skolen, i nabolaget, i vennekretsen som ofte har lyst å være sammen med deg?" Eller:

To enkle utfordringer i kveld: Til å spørre Gud – hvem sender du til meg i dag, og i lang tid framover? [...] Og det andre spørsmålet: vi kan la oss utfordre til å spørre oss sjøl: har jeg plass i livet mitt til de Gud sender meg?

I preike 3 finn me òg spørsmålsforma, men nokre av utfordringane blir gitt i form av konstateringar eller oppmodingar: "Har han [Gud] noe å tilby som er interessant for deg? Jeg vil si ja", eller "Gjør de riktige valgene!" eller "Du blir

nødt til å velge". Andre gonger er utfordringa meir open: "I kveld er en like god kveld som en annen kveld til å ta et valg."

Det som kjenneteiknar ei god utfordring, er at ho er klart uttalt, og at ho er open, slik at det er mulig å ta henne eller la vera. Eg er ikkje sikker på at ungdommane oppfattar oppmodingane i preike 3 som gode utfordringar; dei kan snarare bli tolka som ei ferdig pakke som blir dytta på dei. Det er fare for at denne type utfordringar vil skapa motstand i tilhøyrarane.

Aktualisering til dagleglivet/aktualisering av bibelteksten

Preike 3 tar opp flest daglegdagse emne frå ungdom sin kvardag: ønskje om å vera eldre, gå på byen, fest, bilkøyning, sex, alkohol, skole, venner, internett osv. Teknikken synest å vera å nemna mange forskjellige ting; det aukar sjansane for at ungdommar skal kjenna seg igjen i noko av dette. Faren er at preika fell frå kvarandre, men forkynnaren har klart å knyta emna til hovudtemaet for preika: å velja. Predikanten klarer òg å relatera bibelteksten om Abraham til det å velja, men knytter ikkje denne meir direkte til ungdommane sine liv. Referansane til Jesus i preika går særleg på at det er mogleg å velja han bort, men òg konsekvensane viss dei vel å følgja Jesus. Omtalen av Jesus sin død skjer i generelle vendingar, men ispedd tiltale:

Jesus levde, han døde på et kors for vår skyld. Jesus døde fordi Gud elsker deg. Når opplevde du at et menneske gjorde noe for deg? Guds kjærlighet til deg er at han lot sin sønn, Jesus Kristus, dø på korset og stå opp igjen for at du skal leve med Gud.

Preike 1 knytter aktualiseringa til det å vera nysgjerrig: på venner, skolekameratar eller dei heime. Utfaldinga av temaet viser at presten prøver å relatera til dei tankane ungdommane måtte ha om dette. Når det gjeld Jesus sitt møte med Sakkeus, blir det mest om Jesus sin nysgjerrighet, og det blir ikkje gitt nokon direkte peik til korleis denne bibelhistoria kan brukast i ungdommane sine liv. Det er særleg i koplinga mellom nysgjerrighet og å gi vidare det ein har fått, at ein kan stilla spørsmål ved relasjonen til

dagleglivet:

Derfor tror jeg Jesus også har skapt nysgjerrighet i alle mennesker. Dere har lyst til å gi det videre. Sånn at når dere ser et nytt menneske, så har dere lyst til å bli litt kjent med det mennesket og gi videre noe av det dere har fått.

Stemmer dette med tilhøyrarane si eiga oppfatning av korleis ting skjer? Fører vår gudskapte nysgjerrighet til at me har lyst å gi vidare det me har fått, eller er det heller slik at me helst tenkjer på oss sjølve? Overgangen frå nysgjerrighet til at alle har eit eller anna misjonskall, er òg vanskeleg å fylgja, men predikanten har prøvd å gi konkrete døme på kva det vil seia "å være sendt av Jesus", t.d. å spørja litt ekstra etter korleis vennene har det, eller å gå på besøk til beste-foreldre.

Preike 2 har eit sterkt fokus på ungdommane sitt forhold til Gud. Det startar med at forskjellige kjensler ungdommane kan sitja med, blir adresserte, om dei er urolige, glade eller stressa, og forkynnaren held fram med at Gud vil ta imot dei og møta dei uansett. Når forkynnaren snakkar om dårleg samvit, som nok ungdommar kan kjenna seg igjen i, går det på om dei har vore flinke nok til å evangelisera. Presten nemner i løpet av talen skole, venner, sitja på bussen, hjelpa ei dame over veggen, og fokuset er heile tida å visa kven Jesus er. Dette er i samsvar med hovudtema for preika, men det kan konstaterast at det samla sett er lite vekt på den delen av ungdommane sitt daglegliv som ikkje dreier seg om å føra nokon nærare Jesus.

"Jesus som vår far", Jesus som var "tro mot oppdraget han fikk," er brukt som grunngeving for at me får vera Guds barn. Dei to bibelske tekstane som blir eksplisitt nemnde, Ef 2 og Luk 10, blir nytta for å visa at som kristne får me gå i gjerningar lagt ferdige for oss, og me kan få bruka tid på dei menneske som ønskjer å ha noko med oss å gjera. Altså er fokuset gjennomgåande på korleis ungdommane i dagleglivet kan visa kven Jesus er. Dette er nok eit bevisst val, men ein kan spørja om ei slik vektlegging implisitt kommuniserer at andre delar av livet er mindre verd.

Ingen av preikene tar direkte utgangspunkt i

ein bibeltekst. Dette er tematiske preiker, men likevel inkluderer dei både bibelske tekstar og forteljingar. Kanskje er det aktualisering av sjølve bibeltekstane til ungdommane sin kvardag, som er minst framtrekande i preikene. Bibeltekstane er meir brukte til å kasta lys over eit poeng i preika enn å bli brukte til å seia noko direkte inn i det ungdommar er opptekne av. Mon det ikkje her ligg eit potensiale som kunne ha vore utnytta betre?

Eit hovudfunn i mi eiga empiriske undersøking om ungdom går på forkynninga sitt forhold til det livet ungdommane lever, og eg samanfattar budskapet frå ungdommane på følgjande måte:

Bunnlinjen og hovedbudskapet i det informantene opplever som betydningsfull forkynning, kan kanskje oppsummeres i følgende sitat: "Det må angå oss." Kravet om relevans for livet de lever, er et avgjørende trekk ved alle sider av forkynnelsen (Austnaberg 2009, s 94).

Ei generell forkynning maktar rett og slett ikkje å nå heilt fram til dei. Måtane å gjera dette på kan vera mange og varierte, men eit klart tilhøyrarfokus er avgjerande i all god forkynning.

Deling av egne erfaringar

I preike 1 og 2 er det svært mange referansar til forkynnararens erfaringar, i preike 1 mest livserfaringar, i preike 2 mest truserfaringar. I preike 3 glimrar slike erfaringar med sitt frávær.

Preike 1 startar med å seia at "det er én ting akkurat nå som jeg tenker mye på," og går vidare med å seia "[...] så vet jeg at det ikke alltid er så veldig lett å møte andre mennesker med en sånn god nysgjerrighet," og "jeg er den første til å innrømme det [...]". Me får òg del i kva presten tenkte som 15-åring om det å bli misjonær, og "jeg synes det er ufattelig at Gud har sendt meg hit til [...] for å være ungdomsprest [...]". Dei fleste av stadene der "eg"-forma blir brukt, gjeld situasjonar der forkynnaren ikkje står fram som helten, men snarare ein som ikkje heilt får det til. Undring over Guds leiing i eige liv blir òg delt med ungdommane.

Forkynnaren i preike 2 står heller ikkje fram som helt. Han synest spørsmålet om han i det siste har ført menneske nærare Jesus, er både

vanskeleg og ubehageleg å få. Han opplever mykje bra som kristen og prest, men vedgår at han kan bomma på det viktigaste. Han tar tilhøyrarane med i forsøket på å svara på kvifor nokre ofte får moglegheit til å visa Jesus for andre, mens han sjølv ikkje klarer det. Han er endåtil misunneleg på kameraten som synest å få dette så godt til. Han seier at han blir oppmuntra av si tolking av bibelversa han nemner, og at han på dette grunnlag har slutta å stressa med å *få til* evangelisering. Nå har han fått augo opp for alle som dukkar opp rett framfor nasen på seg, som han kan føra nærare Jesus. Det er ikkje mange avsnitt i denne preiken, som ikkje viser til egne erfaringar.

Når forkynnarane deler av sitt eige liv på denne måten, blir tilhøyrarane betre kjende med dei, og kanskje klarer dei lettare å relatera det som blir sagt til eigen situasjon? Det går føre seg ein viktig samtale i homiletisk litteratur om det å dela frå eige liv i preika. I si lærebok om preika har Halvor Nordhaug eit heilt kapittel om predikanten (Nordhaug 2000, s 49–78) og han viser til forskjellige oppfatningar av dette temaet. Nordhaug hevdar at predikanten er ein integrert del av budskapet (s 53) og han omtalar eit sveitsisk forskingsprosjekt som konkluderer med at predikanten må visa ansikt og vera tydeleg; budskapet må vitna om kontakt med eige liv og eigen sårbarheit (s 59). Å dela forteljingar frå eige liv gir preika ein "eksistensiell relevans", men det er alltid ein fare for at predikanten blir eit forstyrrende element mellom budskap og tilhøyrar, hevdar Nordhaug. Han viser til den vanskelege og ofte omtalte kunsten å vera personleg utan å bli privat (s 146).

Gi ærlege, gjerne ubehagelege svar

Kva spørsmål ungdommane som hørde dei tre preikene sat med, er ukjent for meg. Det eg kan seia noko om, er kva spørsmål som synest å liggja implisitt i det dei forskjellige predikantane tar opp.

Preike 3 ser ut til å leggja eit hovudspørsmål i munnen på ungdommane: Har Gud noko som er interessant for meg? Har eg bruk for Jesus? Predikanten synest å ta for gitt at tilhøyrarane ikkje er interesserte i Gud og Jesus, og det han prøver, er å visa at dei ikkje kan vera likegyldige

til dette; dei er nøydde til å velja. Om predikanten svarer ærlege på dei spørsmåla han ser for seg at ungdommane har, er vanskeleg å bedømme. Han teiknar eit positivt bilete av å vera kristen, men samstundes underslår han ikkje at sjukdom og noko trist kan oppstå. Bibelteksten om Abraham som ofra Isak viser òg at det kan vera nødvendig å ta vanskelege val, sjølv om forkynnaren ikkje utbroderer dette.

Det spørsmålet preike 2 tek mål av seg til å svara på, er om ungdommane i det siste har ført nokon nærare Jesus. Dette spørsmålet gir forkynnaren ærlege svar på, ved å erkjenne at det er vanskeleg for han sjølv, ved å snakka om å kjenna på dårleg samvit og ved å presentera eit "svar" på spørsmålet som han meiner vil gi ungdommane senka skuldre. Han prøver ikkje å gi dei eit ubehageleg svar på dette tenkte spørsmålet, men heller hjelpa dei til å finna eit svar som dei lettare kan leva med.

Bak preike 1 synest å liggja ei oppfatning av at ungdommane tenkjer at nysgjerrighet er noko negativt. Det blir ikkje presentert som eit spørsmål ungdommane måtte ha, men heller som eit sakforhold forkynnaren prøver å redefinera. Svaret synest å vera at nysgjerrighet er noko gudskapt, positivt og godt, men det blir likevel antyda at det finst ein nysgjerrighet som ikkje er god.

Er dette viktige spørsmål for ungdommane? Er dette spørsmål som dei stiller? Me må gå ut frå at sidan ungdomsprestane tar opp dette, har dei ein grunn til å gjera det. Ungdommar er forskjellige, og det er avgjerande å vera kontekstbevisst, sjølv om det er ein del tema som ein må gå ut frå er meir relevante enn andre.¹⁰ Eit godt råd er å ha så god kontakt med ungdommar der ein bur og jobbar, at ein kjenner til kva som rører seg mellom dei. Det gir eit godt utgangspunkt for å ta opp deira viktige tema, sjølv om ærlege svar på desse kan bli ubehagelege.

Eg understrekar gjerne viktigheita av ærlege svar på vanskelege saker. Ungdommane i mitt intervjumateriale la ikkje skjul på at mykje i Bibelen var vanskeleg å forstå, og det var avgjerande for dei at forkynnarene tok dei unge sine spørsmål på alvor og ikkje feia dei bort med dårlege forklaringsar. Dei forventar at leiarane var

ærlege på at dei heller ikkje forstod alt i Bibelen, og at dei heller prøvde å leita etter svar enn å koma med lettvinde løysingar (Austnaberg 2009, s 75–76).¹¹

Formidlingsform

Variasjon er eit stikkord i UKM-saka. Det trengst ulike former for preiker og eit vidt spekter av formidlingsmetodar.

Starten av preika set tonen

Preike 1 startar med eit bilete på skjermen: ein ekstrem bodybuildar. Det skaper ein viss usikkerheit hos tilhøyrarane, og dei lurer nok på kor forkynnaren vil hen. Etter litt stille kjem forkynnaren med forsiktige spørsmål til biletet: "Æsj, tenker [...]. Er det noen andre som tenker noe spesielt? Er det noen som drømmer om å?" Klarer forkynnaren på denne måten å skapa nysgjerrighet? Nettopp *det* er tema for preika, og kanskje valde presten dette biletet nettopp for å prøva å skapa ei kjensle av nysgjerrighet hos ungdommane? Etter ei stund set ho ord på temaet, som noko ho akkurat nå tenkjer mykje på. Meir kritisk kan ein spørja om biletet heller er ei avsporing som ikkje peikar på det preika skal handla om?

Preike 2 startar med orda: "Før jeg begynner å tale". Forkynnaren ønskjer å adressera dei forskjellige sinnstilstandane tilhøyrarane kan sitja med, slik at ungdommane kan finna ro før han begynner på sjølve temaet for talen. Han ber òg ei lengre bøn, som relaterer seg direkte til tilhøyrarane sine mulige sinnstilstandar. Deretter går han laus på temaet: "Har du i den siste tida vært med på å føre noen nærmere Jesus?" Kva tone set ein slik start? Kanskje at forkynnaren har omsorg for dei som høyrer på? Kanskje vurderte presten det nødvendig å visa ei sjelesørgjande side før han leverte ei så sterk utfordring? Det kan i alle fall konstaterast at innleiinga ikkje direkte går på hovudtemaet for preika, men er ein slags parentes før sjølve preika.

I preike 3 er temaet slått an alt i første setning: "Gud vil at du skal velge." Dette er direkte tale og lett forståeleg, men så held forkynnaren fram med ei blanding av kva han tenkjer ungdommane meiner, og sine egne kort svar på dette:

Gud vil at du skal velge. Og denne kvelden handler om at du skal velge. Og så lurar du kanskje på hva du skal velge. Kanskje du tenker: Har Gud noe som du kan velge? Har han noe å tilby som er interessant for deg? Jeg vil si ja. Og jeg vil også si hvordan du kan tenke at han ikke har noe å gi deg? Hvordan kan du tenke at Gud bare skulle tenke på seg selv? Gud vil gi noe til deg som er bare ditt, og han gir fra seg selv til deg.

Dette opplever eg rotete, og det er fare for at mange av tilhøyrarane blei hekta av heilt frå starten. Kva om dei var komne med ei positiv innstilling, for å læra meir om kristen tru? Kva om dei var usamde i presten sine påstandar? Forstod dei meininga med uttrykket ”han gir fra seg selv til deg”?

At starten og avslutninga på ei preike er avgjerande viktige er dei fleste samde om, men det er usemje om korleis dette bør gjerast. Bør preika starta i tilhøyrarane si verd eller i Bibelens? Bør preika ta utgangspunkt i at tilhøyrarane er uinteresserte eller at dei sit forventningsfulle? Kva element bør starten av preika innehalda for at det skal vera ei god innleiing? Long meiner at innleiinga til preika m.a. skal 1) gi eit hint om kva resten av preika vil innehalda, 2) forsikra tilhøyrarane om at det som kjem, har betydning for deira liv (Long 2005, s 177–184). Nordhaug er samd med Long i at preikeopninga si teologiske oppgave er å gi ei forventning om at preika kjem til å handla om tilhøyraren sitt liv, gjerne ved å introdusera den sentrale førestillinga i preika. Denne kan vera eit bilete eller ei forteljing, men kravet er at ho appellerer til heile mennesket, mest til kjenslene. Opninga si retoriske oppgave samanliknar han med ein spanande forrett, men denne må ikkje lova meir enn kva hovudretten kan innfri (Nordhaug 2000, s 219–221).

Visualisering

Det er berre preike 1 som brukar eit bilete som visualisering: bodybuildaren på skjerm. Eg har ovanfor nemnt korleis dette biletet kan ha fungert som ei god innleiing til temaet nysgjerrighet, men det er òg mulig å fundera over kva ”bagasje” biletet hadde: Gjekk tankane til eit treningsstudio? Tenkte ungdommane på spesi-

elle personar? Hekta dei seg opp i at bodybuildaren berre hadde ei bitte lita truse på seg?

Bilete kan skapast ved hjelp av ord, og det blir til dels gjort i dei andre to preikene. Preike 2 er gjennomgåande ordrik og lite biletskapande. Eigentleg er det berre éi historie som blir brukt: forkynnaren sin ven som stadig fekk høve til å dela trua si med andre, sjølv om han ikkje gjorde noko for å få til dette. Historia er såpass detaljert fortalt at det er mulig å leva seg inn i henne. Ho blir òg vist til seinare i talen og står slik som ein integrert del. Historia blir eit døme på hovudfokuset i preika, nemleg det å ikkje stressa for å *få til* å dela trua, men berre vera til stades og bruka dei situasjonane som gir seg sjølve.

Preike 3 bruker fleire forteljingar som teiknar opp sterke visuelle bilete. Bibelteksten om Abraham som vel å ofra Isak, er ei av desse. Det same er Titanic som sokk i havet, Marilyn Monroe som utbasunerte at ho ikkje hadde behov for Billy Graham sin Gud, og ungdommane i Brasil, som kolliderte og blei drepne. Ein annan type visualisering er sola som ikkje blir borte sjølv om me ikkje kan sjå henne, på same måten som Gud heller ikkje er borte sjølv om ein seier at ein ikkje har bruk for han. Det er ingen tvil om at preike 3 visualiserer ved hjelp av ordbilete. Spørsmålet er kva desse bileta formidlar til tilhøyrarane. Særleg dei tre døma skaper mange nye spørsmål som lett leier bort frå hovudtema, og det blir heller ikkje gitt noko hjelp til forståing. Lat meg berre nemna eit par mulige spørsmål i tilhøyrarane: Er overdosedødsfallet ei straff fordi Monroe ikkje hadde bruk for Gud, og kvifor verna ikkje Gud dottera då mora bad for henne?

Halvor Nordhaug har gjort seg til talsmann for at forkynninga må skapa bilete i tilhøyrarane dersom ho skal makta å nå heilt fram til dei. Han legg likevel ikkje skjul på at bilete må brukast med varsemnd, både fordi dei formidlar ein så sterk bodskap, og fordi dei kan bera med seg ein annan bagasje enn forkynnaren såg føre seg (Nordhaug 2000, s 107–139).

Humor

Her var det ikkje mykje å spora. Det næraste måtte vera preike 1 og biletet av bodybuildaren,

men snarare såg det ut for at det skapte ein viss avsky, enn at det blei oppfatta humoristisk. Kanskje òg den noko overlessa gjentakinga av same setninga i preike 3 kunne oppfattast som komisk, men då kanskje som uintendert humor?¹²

Kyrkjerommet som ressurs

Rommet ei preike går føre seg i, påverkar alltid det som blir sagt. Plassering av tilhøyrarane, dempa lys, musikk o.l. legg til rette for stemning og oppleving.¹³ Den som mest medvite utnyttar rommet som ressurs, er forkynnaren i idretts-hallen (preike 3). Han lar preika munna ut i ei bønnevandring med mange forskjellige stasjonar. Slik får ungdommane høve til å velja å gå inn i det "rommet" som blir skapt av preike og bønnevandring til saman, eller dei kan velja å gå ut. Dei kan velja å ta del i noko, eller dei kan velja å ta del i alt. Gjennom bønnevandringa får dei høve til å gi individuell respons på preika sine utfordringar.¹⁴ Det er sannsynleg at presten i preike 1 òg ønska å utnytta kyrkjerommet, ved å ha preika framme i kyrkja med alterlysa tende. Ho gjorde derimot ikkje noko forsøk på å knyta dette saman med preika. Ikkje å bruka rommet og konkrete ting gjer preikene fattigare, og det kroppslege og materielle kan umedvite bli underkommunisert.

Formidlaren

Forkynninga blir prega av personen som framfører henne. Slik vil det alltid vera. Gud har skapt oss forskjellige, og dette er ein styrke for forkynninga. Samstundes treng me utvikling, stadfesting og impulsar til endring. Dette kan skje gjennom konstruktiv tilbakemelding. UKM-ungdommane kjem med tips til formidlaren.

Bruk av enkelt språk

Kva språk kommuniserer med målgruppa? For å vita dette må ein kjenna tilhøyrarane. Ungdomsprestane bruker gjennomgåande lett forståelege ord, men innimellom er det likevel nokre teologiske omgrep som blir nemnde vel kortfatta, slik som "evangelisering", "nådegavetenkning", "fredsmennesker" (preike 2). Det er grunn til å tvila på at alle tilhøyrarane kjende innhaldet av

desse. Òg nokre uttrykk som er litt interne i kyrkjepspråk, blir brukte: "[...] du kan ikke tjene både Gud og mammon," (preike 3) eller "Har du delt Jesus med noen?" og "[...] villig til å krysse mange grenser" (preike 2). Ofte blir likevel slike uttrykk forklarte gjennom setningane som følger.¹⁵

Olav Skjevesland kallar preikearbeidet ein språkleg skapingsprosess. Han hevdar at ein predikant som tar arbeidet sitt seriøst, "vil bestrebe seg på å oppøve, kultivere og intensivere sin språkkraft" (Skjevesland 1995, s 133).

Gi innsikt i nye ting

Lærer ungdommane noko nytt gjennom desse tre preikene? Ungdommane sin kunnskapsbase er i utgangspunktet forskjellig, og læring inneber mykje meir enn å høyra noko nytt. Me kan likevel spørja: Kva ny innsikt prøver forkynnarane å gi ungdommane del i?

Preike 1 tar utgangspunkt i nysgjerrighet som ein positiv eigenskap og knyter dette saman med eit nytt syn på kva ein misjonær er. Å ha eit misjonerskall, noko forkynnaren hevdar alle har, kan bety å bruka nysgjerrigheita ein har på ein positiv måte, det å bety noko godt for andre menneske. Kanskje blir denne koplinga for søkt til at ungdommane oppfattar henne? Kunne presten ha utnyttat temaet nysgjerrighet betre ved å setja det inn i ei større ramme, nysgjerrighet på livet, på trua, på Bibelen, og dermed opna opp for heile menneskelivet? Preike 2 vil gi innsikt i kva som er ein god måte å føra menneske nærare Jesus på. Det er ikkje ved å stressa og ha dårleg samvit eller å prøva å få til dette, men det er å sjå etter dei personane Gud sender til oss, og ta oss tid til å bety noko for desse. Dersom ungdommane verkeleg har kjent på dårleg samvit i møte med utfordringa til å dela trua med andre, gir denne preika ny innsikt i eit mulig handlingsmønster. Det er meir uklart kva nytt preike 3 ønskjer at ungdommane skal læra, bortsett frå at dei er nøydd til å gjera eit val. Det synest å vera eit hovudpoeng at sjølv om dei vel Jesus bort, vil han ikkje bli borte.

I ei stor amerikansk intervjuundersøking av korleis lyttarar oppfattar preiker, er det eit klart ønske at forkynnarane tar opp alle slags tema. Folk treng hjelp til å tenkja teologisk om viktige

saker, og dei treng utfordringar; dei treng innsikt i nye ting. Ein lyttar hevdar at dersom presten ikkje trør nokon på tærne, gjer han ikkje ein god jobb. Kontroversielle tema bør tas opp på ein ikkje-eksplisiv måte, og forskjellige syn på ei sak må presenterast ærleg (Mulligan og Allen 2005, s 73–81). Eit viktig spørsmål til ungdomsprestane sine preiker over tid er om dei utvidar ungdommane sin kunnskapsbase.

Visa at ein trur på det ein forkynner

Ei skriven preike gir for spinkelt grunnlag til å evaluera dette punktet. Det inntrykket tilhøyrarane får av forkynnaren under preika (etos), er avgjerande, og her spelar framføring, kroppsspråk, haldningar og ikkje minst graden av engasjement ei avgjerande rolle. Finst det likevel noko i sjølve preika som viser at bodskapen er viktig for forkynnaren?

Det er berre preike 2 som gir direkte uttrykk for dette, og det skjer gjennom uttrykk som "det er et kjempeviktig spørsmål", "tilbake til kjernen", "bomme på det viktigste". Når forkynnaren bruker slike ord, er vegen kort til å tenkja at han sjølv trur på dette. Viss ikkje forkynnaren deler livs- og truserfaringar i preika, er det vanskeleg å visa at ein trur på det ein forkynner.¹⁶ Derfor kan uttrykk som "utrolig oppmuntrende for meg", "til utrolig hjelp" (preike 2) òg peika i retning av betydning for forkynnaren. Når presten i preike 1 seier at det ikkje alltid er lett å møta menneske med ein god nysgjerrighet, viser òg dette at ein god nysgjerrighet er viktig for ho.

Ungdommane i mi intervjuundersøking la stor vekt på samanhengen mellom forkynnarane sine liv og orda deira. Med Jesus som førebilete til dette punktet vurderte dei forkynnarane ut frå fylgjande kriterier: 1) om dei kan stå for det dei seier, og meina det, 2) om dei er ærlege og sanne, 3) om dei bruker det dei snakkar om, i eige liv. Det siste viser seg m.a. i at dei bruker sine egne ord når dei preiker; det blir tolka slik at då har dei gjort stoffet til sitt eige (Austnaberg 2009, s 81). For å kunna vurdere det siste punktet er det nødvendig at ungdommane kjenner forkynnaren òg utanom preikesituasjonen, noko som er tilfellet med ungdomsprestane bak dei tre preikene eg har

analysert.

Oppsummerande refleksjonar

Hovudspørsmålet eg har sett meg føre å svara på i artikkelen, er korleis tre preiker for ungdom kan vurderast dersom innspela frå UKM 08/12 blir brukte som kriterier til å evaluera dei.¹⁷ Samanfattande kan det seiast at eg finn eit rimeleg bra samsvar mellom preikene og kriteria, unnateke bruk av humor, dersom me ser preikene under eitt. Særleg framtrekkande er aktualisering til ungdommane sitt daglegliv og deling av egne erfaringar, unnateke i preike 3. Prestane legg vinn på å utfordra, men eg har stilt spørsmål ved måten dette blir gjort på i den eine av preikene. Eit enkelt og forståeleg språk pregar preikene, men nokre ord er internkyrkjelege utan å bli forklarte. Eg finn lite som går på aktualisering av bibelteksten inn i tilhøyrarane sine liv; berre éi preike utnyttar klart kyrkjerommet som ressurs, og berre i éi av preikene blir det formidla direkte at forkynnaren trur på det han seier. Prestane som deler frå eige liv, klarer å visa at dei sjølve kjenner på utfordringar, medan det er vanskeleg å vurdere ærlighetsnivået i preike 3 som ikkje deler egne erfaringar. Visualisering skjer mest i form av verbale bilete.

Drøftinga av preikene ut frå kriteria baserte på innspela i UKM-saka har vist seg å vera nyttige i praksis. Eg trur forkynnarar vil ha nytte av å analysere egne preiker ut frå desse kriteria: om poenga er klare og uttalte, om preika utfordrar og gir ærlege svar, og om det skjer aktualisering til dagleglivet. Viktige moment å vurdere er òg i kva grad deling av egne erfaringar skal med, korleis preika tek til, om det er variasjon, visualisering, humor, korleis kyrkjerommet som ressurs blir brukt, om dei brukar enkelt språk, gir innsikt i nye ting og viser at dei trur på det dei forkynner. Kriteria som blir nemnde i UKM-saka er gode og nyttige; utfordringa ligg heller i det som er utelate.

Egil Morland held fram at det saklege innhaldet eller teologien i preika i alle fall må leggjast under lupa (Morland 2012, s 443), og opplegget me finn i boka *Prekenbeskrivelse*, inkluderer òg teologi og bibelbruk som éin av tre hovuddelar som bør skildrast i ei preike (Jakob-

sen and Øierud 2009).¹⁸ Ungdommens kirke-møte har avgrensa seg frå å laga ei liste over relevante og livsnære tema fordi kyrkjemedlemmene har ulik teologisk ståstad og ulike behov. Etter mitt syn bør ei preike òg evaluerast på bakgrunn av teologi og sakleg innhald. Forkynnaren må ha ein budskap som er viktig. Det må vera ein grunn til at denne preika blir halden. Forkynnaren må villa tilhøyrarane noko. Ei preike er ikkje livsnær og relevant dersom ho ikkje òg formidlar ein teologisk budskap som peikar på Kristus, set fri og gir håp, trass i høg score på klare poeng, formidlingsform og engasjert forkynnar.

Ei framstilling av forkynninga sin teologi, som samstundes kan brukast som evalueringskriterier, er Halvor Nordhaug sitt trinitariske oppsett. Preika skal vitna om og peika på Far, Son og Ande. Det tyder at skapingsteologiske tema har sin rettmessige plass i forkynninga. Sentrum i forkynninga er evangeliet om Jesus Kristus, og all forkynning må vera boren av trua på at Den heilage ande kan skapa tru, mot og håp (Nordhaug 2000, s 19–48). Sjølv sagt kan ikkje kvar preike ha eit innhald balansert ut frå trinitariske omsyn, men forkynning over tid bør leggja vinn på dette. Det som alltid bør vera ein del av innhaldet i ei kristen preike, er Bibelen, anten i form av eit tekstavsnitt eller som det underliggjande strukturerande rammeverket. Bibelen sin plass var udiskutabel i informantane mine si tenking om kristen formidling, og som ei av dei uttrykte seg: "[Den bør spille] en veldig stor rolle, for det er jo den som er grunnlaget for kristendommen." (Austnaberg 2009, s 75)

Sidan artikkelen sitt fokus er evaluering av preiker basert på innspel frå UKM-saka, vil eg her berre kortfatta vurdere dei tre preikene på bakgrunn av eitt teologisk kriterium, nemleg spørsmålet om kva som er evangeliet i preikene (Jakobsen and Øierud 2009, s 118). Korleis blir Kristus forkynt? Er gåveaspektet klart framme, eller dreier det seg mest om lov og gjerningar?

I preike 1 møter me evangeliet særleg i samband med bibelteksten om Sakkeus. I gjenforteljing av denne seier presten at Sakkeus gøymer seg fordi han har levd eit liv som Jesus kanskje ikkje sette så mykje pris på, men at Jesus ikkje var interessert i å sjå på Sakkeus som

ein som hadde svikta mange menneske. Dette visste Jesus om likevel, han som hadde skapt Sakkeus. Presten inkluderer seg sjølv mellom dei som sviktar og ikkje alltid møter menneske med ein god nysgjerrighet. Den teologiske utfordringa med denne preika er at ho berre antyder; evangeliet om Jesu død og oppstode blir ikkje tilsagt den som har svikta, inkludert henne sjølv. For å få tak i evangeliet i preika måtte ungdommane hatt ganske inngåande kristen kunnskap og evne til å forstå antydningane. At Jesus ikkje var opptatt av Sakkeus sitt svik, blir utfalda vidare ved at "Jesus ble kjempensgjerrig på hvem Sakkeus var som menneske".

Preike 2 startar med det utfordrande spørsmålet om "du" har ført nokon nærare Jesus i det siste, men etter å ha snakka om alle dei kristne aktivitetane blir det klart sagt at Jesus er kjernen i trua vår. Han døydde ufortent for å nå oss, for at me kunne få høyra til hos Gud. Det blir understreka at utgangspunktet er å få vera Guds barn. Dette temaet blir gjentatt i den avsluttande bøna, gjennom takk for at Jesus døydde og stod opp "for vår skyld". Hovuddelen av preika derimot fokuserer sterkt på å vera vitne for Jesus og gjera folk til disiplar. Dette oppdraget blir presentert som "kjernen i livet som kristen". Og i dette sterke fokuset på oppgåva kristne har, understrekar presten at dette ikkje er noko me skal *få til*; det avgjerande er å ta imot dei menneska Gud sender til oss. Det er ikkje snakk om å "ta [seg] sammen". Preika maktar altså på ein tydeleg måte både å understreka at ungdommane er Guds barn på grunn av Jesus sin død og oppstode, og å formidla oppgåva kristne har fått om å gjera alle menneske til disiplar som eit privilegium og ikkje eit krav. I kva grad tilhøyrarane oppfatta dette som evangelium, kunne berre vidare intervju med lyttarane ha svara på.

Det er preike 3 som er mest problematisk, vurdert ut frå kriteriet om kva som er evangeliet i preika. Heilt frå starten av er ungdommane sitt val vektlagt, svært sterkt og på mange forskjellige måtar. Bibelforteljinga om Abraham som ofra Isak, understrekar òg Abraham sitt val og lydnad, sjølv om det blir nemnt at sonen blei spart. Preika spelar på frykt, særleg gjennom dei tre ukommenterte forteljingane om korleis det

kan gå dei som gjer narr av Gud, men òg ved å visa til fortaping for den som gjer feil val. I preika blir det rett nok nemnt at Jesus døydde på krossen for vår skuld, og at den som vel Jesus, har håp, tryggleik og fred, men desse korte innskota blir ikkje tilstrekkeleg understreka til å koma tydeleg fram. Det ligg nært å oppfatta preike 3 slik at det er ungdommane sine eigne handlingar som er avgjerande; i teologisk språkbruk kan ein seia at vekta ligg på lova og ikkje på nåden og evangeliet.

Desse korte refleksjonane over det teologiske kriteriet om kva som er evangeliet i preika, har vist at kriteria baserte på innspel frå UKM-saka bør utvidast og kompletterast noko. Fokus på korleis ein bør forkynna må fylgjast av kva teologisk innhald ei preike bør ha.

Ungdommens Kirkemøte har utfordra alle som driv med forkynning i Dnk, til å arbeida vidare med forkynning for unge menneske, på bakgrunn av dokumentet "Preken og forkynnelse" (sak 08/12). Denne artikkelen er éin måte å arbeida vidare med dette på. Eit av mine ønskje har vore å gi inspirasjon til vidare refleksjon over preikeoppgåva, slik at me som forkynnarnar stadi kan utvikla oss.

Litteratur

- Austnaberg, Hans. 2009. "Om betydningsfull forkynnelse og endringserfaringer." I *Grensesprengende. Forkynnelse for ungdom 15–18 år*, red. H. Austnaberg og B. Mæland, s 73–95. Trondheim: Tapir akademisk forlag, 2009.
- Austnaberg, Hans. 2009. "Presentasjon av undersøkelsen." I *Grensesprengende. Forkynnelse for ungdom 15–18 år*, red. H. Austnaberg og B. Mæland, s 21–32. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Austnaberg, Hans, og Bård Mæland (red). 2009. *Grensesprengende: om forkynnelse for ungdom 15–18 år*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Barsnes, Hilde, og Andreas Hegertun, et.al. 2004. *Vil du meg noe? Forkynnelse for ungdom*. Oslo: IKO-forlaget.
- Buttrick, David. 1987. *Homiletic: Moves and Structures*. London: SCM Press.
- Day, David. 2004. *A Preaching Workbook*. London: Lynx.
- Gylver, Synniva. 2013. "Bill.mrk. 'Prekeninteressert.'" *Luthersk Kirketidende* 148 (3):42–43.
- Jakobsen, Rolv Nøtvik, and Gunnfrid Ljones Øierud. 2009. *Prekenbeskrivelse: forstå, formidle, forbedre, forkynne*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Long, Thomas G. 2005. *The Witness of Preaching*. Louisville, KY: Westminster John Knox Press.
- Morland, Egil. 2012. "Bispeord til vigsling og velsigning." *Luthersk Kirketidende* 147 (18):443–448.
- Mulligan, Mary Alice, and Ronald J. Allen. 2005. *Make the Word come Alive. Lessons from Laity*. St. Louis, Missouri: Chalice Press.

Nordhaug, Halvor. 2000. *...så mitt hus kan bli fullt. En bok om prekenen*. Oslo: Luther Forlag.

Skjevesland, Olav. 1995. *Det skapende ordet. En prekenlære*. Oslo: Universitetsforlaget.

Noter

- 1 <http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=239>, vitja 7. mars 2013.
- 2 Fleire innlegg om temaet viser at forkynninga er kome høgare opp på den kyrkjelege dagsorden: Avisa Vårt Land tok tak i dette både redaksjonelt og gjennom lesarbrev (Jfr. t.d. 3. oktober 2012, s 16). Luthersk Kirketidende trykte i 2011 og 2012 ordinasjonspreiker frå kvar av biskopane i Den norske kyrkja, og i nr. 18/2012 kommenterer førstelektor ved NLA Høgskolen, Egil Morland, desse ("Bispeord til vigsling og velsigning", s 443–448). Luthersk Kirketidende nr. 3/2013 hadde temaet "Prekenen", der både leiar og eit par kortnotat med utgangspunkt i Facebook-responnar handla om dette. I tillegg presenterte leiar i homiletisk fagråd i Presteforeninga eit kurs i regi av Kompetansrådet med overskrifta "Snekre preiker med nye verktøy" (s 45–48). Alt dette vitnar om auka interesse for forkynninga. Jf. elles førre nummer av Tidsskrift for Praktisk Teologi, der dei fleste artiklane handla om forkynning (nr. 2/2013).
- 3 Ungdomsprestane har eit opplegg for forkynning for ungdommane over tid og eg har berre fått med meg éi preike. "Bestillinga" mi styrer òg preika i ein bestemt retning. Likevel vil det vera slik at sjølv om eg kom umeld, ville det ha vore tilfeldig kva tema som blei tatt opp.
- 4 Ein del av innspela i underpunktta går på sjølve framføringa og det ser eg bort frå her, sidan det ikkje er mogleg å vurdere dette ut frå ei skreven preike.
- 5 Uro og snakking under preikene kan kanskje tyda på det?
- 6 Ungdomspresten sa det var uvanleg at det berre var jenter til stades.
- 7 Presten må ha meint han som hadde ansvaret for bygginga?
- 8 Jfr. målet for arbeidet med Kyrkje 18–30, referert til i UKM-saka.
- 9 Preikelæraren David Buttrick meiner at forkynnaren treng tre til fire minutt for å etablere og utvikla kvart poeng ("move") i preika, men har heller ikkje meir tid til rådvalde pga folks oppmerksomheitsspenn (Buttrick 1987, s 26).
- 10 Boka *Vil du meg noe? Forkynnelse for ungdom* frå 2004 har eit eige kapittel som heiter "Hva forkynner vi?" I tillegg til meir generelle råd gir boka innspel på seks aktuelle tema som kan brukast i forkynning for ungdom (Barsnes og Hegertun 2004, s 51–87).
- 11 Jfr. S. Gylvers råd om aldri å hoppa over dei vanskelege sidene ved ein bibeltekst (Gylver 2013, s 43).
- 12 At tilhøyrarane set pris på humor hos formidlaren, blir stadfesta i mi intervjuundersøking, men det må ikkje bli noko stand-up show (Austnaberg 2009, s 83). Sjå elles Skjevesland 1995, s 197–198, som viser til Jesus sin sans for avslørande humor og korleis humor kan fungera avvæpnande og frigjerande.
- 13 Jf. gudstenesta som arena i Nordhaug 2000, s 86.
- 14 For ein observator var det spanande å merka at dei fleste av ungdommane gjekk stille og konsentrerte frå stasjon til stasjon. Til og med ei lita gruppe av ungdommar som reiste seg og gjekk ut av rommet straks preika var ferdig, kom attende og tok del i bønnevandringa.
- 15 I preike 3 er det spor av eit spanande og spenstig språk når presten seier at "hvis du velger å følge det som Gud

vil gi, så kan du risikere å få det veldig bra". Vanlegvis blir "risikere" brukt når det kan ventast noko negativt, men ved å bruka ordet "risikere" saman med eit positivt utfall får forkynnaren fram ei fruktbar spenning.

16 Jfr. Nordhaug 2000, s.63, som viser til ei undersøking av sveitsaren Hans van der Geest.

17 Eg kan ikkje vita kva dei tre ungdomspreikane la til grunn som kriterier for preikene dei laga og slik sett gjer eg dei kanskje urett ved å vurdera preikene ut frå

kriterier andre har sett opp i etterkant. Likevel er det vel slik at lyttarane alltid sit med eit sett av kriterier for ei god preike, oftast umedvite, og desse vil sjeldan vera identiske med forkynnaren sine.

18 Dei to andre delane er tekst og materiale og kontekst og framføring. Opplegget er utarbeida og utprøvd ved Praktisk Teologisk Seminar ved Universitetet i Oslo, og er blitt brukt i etterutdanningskurs for prestar (Skjæveland 2013, s 45).

Samandrag

Artikkelen ønskjer å gi inspirasjon til refleksjon over preikeoppgåva og er eit svar på utfordringane i saka om "Preken og forkynnelse" på Ungdommens Kirkemøte (UKM) 2012. Innspela frå UKM blir brukte som kriterier til å evaluera tre preiker for ungdom, haldne i Stavanger bispedømme. Målet er å visa korleis det empiriske materialet kan vurderast dersom det UKM-saka kallar "viktige trekk ved en god preken" blir brukte som evalueringskriterier, samstundes som perspektivet blir utvida gjennom referansar til homiletisk litteratur. Det kritiske innspelet til UKM-saka er at kriteria må utfyllast for å kunna vurdera det teologiske innhaldet, t.d. ved å spørja kva evangeliet er i preikene.